



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for næring og kultur

Møtedato: 24.04.2018

Sak nr.: 18/2700-2

Internt l.nr.: 23547/18

Sak: 20/18

Tittel: **Oppstart - arbeid med budsjett 2019 / Økonomiplan 2019-2022 - næring og kultur**

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

1. Rekneskapsresultatet for 2017 gir ikkje grunnlag for rammejustering, og vedtekne innsparingskrav er innarbeidd i sektorramma til næring og kultur.
2. Hovudutalet vil peike på at det særleg innan kultursektoren er behov for endra kapasitet og kompetanse i samband med overføring av oppgåver frå staten. Dette behovet bør greiast ut i samband med budsjettarbeidet hausten 2018.
3. Hovudutvalet vil vurdere behov for ev mindre omprioriteringar innan sektorramma i samband med framlegging av budsjettsak til hovudutvalet i september 2018.
4. Hovudutvalet ber om at det vert gjort ei enkel kartlegging av utbyggingsplaner som det vert arbeidd med ved Musea i Sogn og Fjordane og andre regionale kulturinstitusjonar, og kva forventningar som ev måtte ligge til fylkeskommunen om fagleg/politisk/økonomisk medverknad dei næraste åra. Kartlegginga vert lagt fram hausten 2018 i samband med budsjettsaka.

Endringsframlegg:

Hovudutvalet sette fram slikt framlegg til eit tilleggspunkt 5:

Hovudutvalet konstaterer at dei regionale utviklingsmidlane frå KMD har vorte reduserte frå 77 mill kr i 2017 til 54 mill kr i 2018. Hovudutvalet er uroa over denne utviklinga, og ber finansutvalet vere særleg merksam på dei utfordringane som dette kan medføre innan arbeidet med næringsutvikling framover.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesdirektøren punkt 1 til 4 vart samrøystes.

Hovudutvalet sitt framlegg til eit tilleggspunkt 5 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Rekneskapsresultatet for 2017 gir ikkje grunnlag for rammejustering, og vedtekne innsparingskrav er innarbeidd i sektorramma til næring og kultur.

2. Hovudutvalet vil peike på at det særleg innan kultursektoren er behov for endra kapasitet og kompetanse i samband med overføring av oppgåver frå staten. Dette behovet bør greiast ut i samband med budsjettarbeidet hausten 2018.
3. Hovudutvalet vil vurdere behov for ev mindre omprioriteringar innan sektorramma i samband med framlegging av budsjettsak til hovudutvalet i september 2018.
4. Hovudutvalet ber om at det vert gjort ei enkel kartlegging av utbyggingsplaner som det vert arbeidd med ved Musea i Sogn og Fjordane og andre regionale kulturinstitusjonar, og kva forventningar som ev måtte ligge til fylkeskommunen om fagleg/politisk/økonomisk medverknad dei næraste åra. Kartlegginga vert lagt fram hausten 2018 i samband med budsjettsaka.
5. Hovudutvalet konstaterer at dei regionale utviklingsmidlane frå KMD har vorte reduserte frå 77 mill kr i 2017 til 54 mill kr i 2018. Hovudutvalet er uroa over denne utviklinga, og ber finansutvalet vere særleg merksam på dei utfordringane som dette kan medføre innan arbeidet med næringsutvikling framover.